

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36-Tilleggsliste. Helsing,
Fakter åtferd.
Tilleggsspørsmålnr.

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Fræna.

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Haukås

Gard:

(adresse): Elnesvågen

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

sp.1. Det var i dugnad ein bruka slå kvarandre -på holm. og det vanleg til for ei 40 år sidan. Var nokon sers sein med å ta til med slåtten, var einkvar ungdomen i veg-la anten ljåen til mannen på troppa, eller slo litt gras -eller ein veg i graset. Var ein sein med skjeringa laga dei ein figur og sette på åkeren "Skorakall" Var ein sein med trøsking-fekk ein "stålherrinn" Å skjera kvarandre på holm, var bruka, når ein kappast om å skjera.

sp.2. Slikt er ikkje kjend her-anna enn når ein gjorde skøi med friarar.

sp.3. Det var nyårs-aftan ein gjorde slikt her-drog båt-ar oppi garden-på gjøsseldungen-eller anna. Ris var ikkje brukt i jula. Det var langfredag-og Langfredagsris var i bruk for ei 40-50 år sidan.

sp.4. Dei som gjekk på gardane slike høgtidsdagar, var kalla -"Helgarekje." (Ein som rak i helga)

sp.5. Folk som ikkje fekk det vanlege i jula, var det sagt om: Det vart ikkje jul på han Per-ho Kari i år.

Sp.6. Den som gjekk utanom vanleg skikk var kalla-Agelaus. Ein var kalla-Agelaus-Knut-Ein som var uvørren-likesæl og som laga-trubbel-og gjorde skade, mest kvar han for, var kalla-Ska-Pe-Ei jente som rak allstad-seint og tidleg var kalla -Flöksar-Kari. Ein som slørva med det han gjorde -fekk namnet-Svæss-han Svässe-Sivert. Ein som jamt var seinare enn andre-vart kalla-Sisst-Matias-Sisst.

Ei ugift jente-som fekk tvillingar-gjekk under namnet-
Tvilling-Beretanna.Ein som hadde stole ei skinnbrok-
bar namnet- Skinnbrok-Lars.